

# Nord-Fron kommune

## Møtebok

### HØYRING - UTKAST TIL FORSKRIFT OM ROVVILTERSTATNING FOR HUSDYR OG TAMREIN

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker	042/05	19.05.2005	GGR

Saksansv.: Geir Johan Groven	Arkiv: K2-K47	Arkivsaknr.:	2005000693
	Objekt:	Journalpost:	2005002594

#### Vedlegg:

1. Høyringsutkast frå Miljøverndepartementet datert 24.02.2005.

#### Utrykte vedlegg:

1. Miljøverndepartementet, Stortingsmelding nr. 15 (2003-2004).
2. Innst. S nr 174 (2003-2004).

#### Bakgrunn for saka:

Miljøverndepartementet har sendt ut forslag til ny forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein på høyring. Forskrifta, som har heimel i viltlova, skal etter planen tre i kraft 01.03.2006. Forslaget er ei direkte oppfølging av Stortingets behandling av rovviltmeldinga gjennom Innst. S nr 174 (2003-2004).

I arbeidet med høyringsuttale er det konferert med Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, då ein i stor grad har samanfallande synspunkt på høyringsutkastet.

#### Plansjefen si vurdering:

Forskrifta innfører det svært uheldige prinsippet om at det skal betalast ut godtgjersle for rovviltskader som i nokon tilfelle ikkje vil oppstå. Prinsippet blir kalla risikoerstatning. Desse husdyreigarane vil få dobbel betaling ved at dei og kan levere dyra til slakt. Ei samla næring er sterkt imot dette prinsippet, og næringa ønskjer ikkje å få erstatning for dyr dei ikkje har mista. Det vil lett skape eit uheldig bilet av næringa dersom husdyreigaren får betalt to gonger for same dyra pga. at det er rovdyr i området.

Forslaget til forskrift vil slå svært urettferdig ut ved at dei som har store tap ikkje vil få erstatta på langt nær dei tapa dei har. Det er umogleg å finne meir enn ein liten del av dyra som blir tatt av rovdyr. Dette faktum er allmeint akseptert. Det blir derfor umogleg å få dekt store tap under ordninga dokumenterte tap. Det er ei klar målsetjing at det ikkje skal brukast meir pengar til rovdyrerstatning. Dette, saman med ordlyden i forskrifta, gjer det klart at praktiseringa av udokumenterte tap må bli strengare enn tidlegare.

I Innst. S nr 174 (2003-2004) seier energi- og miljøkomiteen: *"Ordningen skal innrettes slik at en betydelig del av erstatningene gis som forhåndsutbetaling som insentiv til iverksettelse av forebyggende tiltak, men det skal fortsatt gis erstatning for udokumenterte tap"*. Slik forslaget til ny erstatningsordning kjem til å fungere vil dei som har store udokumenterte tap tape store beløp. Husdyreigarar som er uheldige 2-3 år på råd vil risikere å gå konkurs fordi

de ikkje lenger vil få erstatta dei reelle tapa. Belastninga rammar tilfeldig, og utan nokon form for rettferd. Det er grunn til å reise spørsmål ved om det var dette komiteen meinte. Det står ingenting i innstillinga som tyder på at komiteen har ønska at husdyreigarar med store tap ikkje skal få erstatta sine reelle tap.

I høyringsbrevet frå Miljøverndepartementet påpeikast det at St.meld. nr. 15 (2003-2004) har som utgangspunkt at: "*dagens ordning med full erstatning for alle dokumenterte rovvillettap videreføres*" (s. 123). Dette følgjer også av viltlova sin § 12a. Å dele ut erstatning til husdyreigarar som ikkje har hatt tap, og erstatte bare ein liten del av tapa til dei som har store tap er ikkje å gje: "*full erstatning for alle dokumenterte rovvillettap*". Korkje utgangspunktet i stortingsmeldinga eller § 12a i viltlova er oppfylt i dette forslaget til forskrift.

Energi- og miljøkomiteen understreka ved behandlinga av stortingsmeldinga at den todelte målsetjinga skal oppretthaldast, og meinte at det framleis skal vere mogleg med levedyktig næringsverksemd i landbruket i område med rovvilt. Forslaget til ny erstatningsordning er ikkje i samsvar med denne målsetjinga.

Risikoerstatning skal baserast på områdeinndelingar, og utbetaling skal skje etter kor stor risiko det er for rovvillettap. Dette byggjer på ein teori om at det er like stor risiko for rovvillettap for alle saueeigarar i same område, og sjølv sagt at tapa kan førebyggjast. Både delar er like grunnleggjande feil. Kven som blir ramma innan eit område er tilfeldig, og kor hardt ein blir ramma varierer svært mykje innan eit og same beiteland.

I høyringsbrevet frå Miljøverndepartementet står det under overskrifta "Erstatning for udokumentert rovviltskade": "*Ordningen skal for det første fange opp tilfeller der det ikke kan påregnes at det vil oppstå rovviltskader eller der det ikke er registrert fast forekomst av aktuell rovviltsart, men der slik skade likevel har oppstått. For det andre skal ordningen fange opp tilfeller der det er gjennomført forebyggende tiltak med dokumentert skadereduserende effekt, men der det likevel har oppstått rovviltskade*".

Dette er i praksis ei dramatisk endring i praktiseringa av udokumenterte tap. Det er grunn til å reise spørsmål ved om dette ikkje går langt utover det som var Stortinget si mening. Ein saueigar som utover sommaren merkar at han får store rovvillettap, vil i praksis bare ha tidlegsanking som tiltak som han kan håpe blir godkjent som dokumentert førebyggjande av forvaltningsstyresmaktene.

Det nye forslaget til erstatningsordning gir saueeigarar valet mellom å tape store beløp på manglande erstatning, eller å sanke sauens tidlegare med dei utgifter og problem det medfører med å ha tilstrekkelig beite og for. Dersom alle saueeigarane skulle velje å sanke sauens tidlegare, og forvaltningsstyresmaktene vel å godkjenne søknaden om udokumentert tap og erstatte som før, ville det medføre ei stor auke i utbetaling av rovviltsstatning. Dette fordi det og vil bli utbetalta "risikoerstatning" til saueeigarar som etter den gamle ordninga ikkje ville fått erstatning. Det er klart uttalt at samla erstatning ikkje skal auke, så dei som får store tap må nødvendigvis tape mykje på ordninga.

#### Risikovurdering.

Verditala for gaupe, jerv ulv, bjørn og ørn verkar ikkje rimelege. Det stillast spørsmålsteikn ved at gaupeyngling bare skal gje dobbelt så høg verdi som kongeørn. Praktisk erfaring med skader frå rovvilt tilseier at t. d tre ynglingar av gaupe ville gitt mange gonger så stor skade som seks ynglingar av ørn.

At ulv gir mindre verdi enn jerv er heller ikkje rett. Familiegrupper av ulv har fleire gonger demonstrert at dei kan gjere svært omfattande skader i sitt leveområde. Bjørn er svært ujamn.

Enkelte individ gjer svært stor skade, medan andre gjer lite skader. Gaupe bør ha lågare verdi enn ulv og bjørn. I praksis er skilnaden mellom individua så stor at å sette opp ein tabell som gir noen form for rettferdig erstatning er umogleg.

Data frå overvakingsprogrammet er svært konfliktfylte, og er klart bare eit uttrykk for minimum. Slik har det vore heile tida sidan overvakingsprogrammet starta, og det er mange døme på at tala i ettertid har vist seg å vere høgare enn overvakingsprogrammet har oppgitt. Sidan desse tala skal danne grunnlag for risikovurderinga vil konflikten rundt rovviltforvaltninga bare auke.

**Konklusjon:**

Saujeeigarar i område med store tap vil tape store beløp på innføringa av den nye erstatningsordninga. Med den lønnsemda som er i saueneiringa vil dette føre til at saujeeigarar som har store rovvilts tap i løpet av få år må gi opp. Denne konsekvensen er stikk i strid med Stortingets uttalte målsetjing om at det framleis skal være mogleg med levedyktig næringsverksemnd i landbruket i område med rovvilt.

Plansjefen legg saka fram for utval for landbruks-, utmarks- og miljøsaker med slik:

**Innstilling:**

Nord-Fron kommune ber om at forslaget til ny forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein blir trekt.

**LUM-042/05 19.05.2005 Behandling:**

Magnar Bratljen la fram forslag til slikt vedtak:


Nord-Fron kommune viser til plansjefen si vurdering og USS si høyringsuttale og ber om at desse blir tillagt stor vekt i den vidare behandling av forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein.

**LUM-042/05 19.05.2005 Vedtak:**

Nord-Fron kommune viser til plansjefen si vurdering og USS si høyringsuttale og ber om at desse blir tillagt stor vekt i den vidare behandling av forskrift om rovvilterstatning for husdyr og tamrein.

Samrøystes.

Sentraladministrasjonen, 21. mai 2005.



Kari Larssen Brenna